

FIRDAKRAFT AS
Bukta
6823 SANDANE

Vår dato: 08.10.2024

Vår ref.: 202209503-14 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE vurderer opprusting og utviding av Øksenelvane kraftverk i Bremanger kommune, Vestland fylke som ikkje konsesjonspliktig

NVE vurderer at opprusting og utviding av Øksenelvane kraftverk ikkje vil vere til nemneverdig skade eller ulempe for nokre allmenne interesser i vassdraget, og dermed ikkje er å rekne som konsesjonspliktig. Med heimel i vassdragsreguleringsloven § 4 og delegering til NVE frå Energidepartementet av 30. juni 2021, vedtek NVE at tiltaket ikkje utløyser konsesjonsplikt etter vassdragsreguleringslova § 3.

Bakgrunn

NVE har motteke brev frå Firdakraft AS datert 08.03.2023 med førespurnad om konsesjonspliktvrdering for opprusting og utviding av Øksenelvane kraftverk. Den planlagde opprustinga inneber å erstatte det eksisterande kraftverket med ny kraftstasjon og vassveg parallelt med eksisterande anlegg, samt utviding i form av auka installert effekt og slukeevne. NVE skal på bakgrunn av framlagte opplysningar avgjere om utbygginga vil medføre skader eller ulemper for allmenne interesser i ein slik grad at tiltaket må ha konsesjon etter vassdragsreguleringslova § 3.

Eksisterande anlegg og konsesjonsforhold

Øksenelvane kraftverk består av to peltonaggregat som blei sett i drift i høvesvis 1953 og 1955. Samla yting på kraftverket i dag er 28 MW med ei maksimal slukeevne på 8,8 m³ /s. Kraftverket nyttar eit fall på 390 m mellom Øksendalsvatn og Nordfjorden. Vassvegen til kraftstasjonen ligg i fjell, med inntak på nord-austre side av Øksendalsvatn og utløp rett ut i Nordfjorden. Gjennomsnittleg årsproduksjon er 153 GWh. Firdakraft AS, eit heileigd dotterselskap av SFE Produksjon AS, driftar kraftverket med utgangspunkt i følgande konsesjonar:


- Erverv av bruksrett til Vestre Øksendalselv og Sagelv, og å foreta regulering og overføring av desse vassdraga (meddelt ved kgl. res. av 13.11.1959)
- Regulering av Isavatn og overføring av Midtelva og Østre Øksendalselv til Bjørndalsvatn (meddelt ved kgl. res. av 07.07.1967)

Konsesjonane omfattar blant anna regulering av Øksendalsvatn mellom HRV kote 389,7 og LRV kote 340,0. Andre reguleringsmagasin omfatta av konsesjonane er Bjørndalsvatn, Isavatn og Dauremålsvatn. Desse overførast i si heilheit til Øksendalsvatn. Ovanfor Øksendalsvatn ligg Bjørndalen kraftverk (4,95 MW) og Dauremål kraftverk (4,95 MW). Det er ikkje krav om slepp av minstevassføring frå nokon av magasinane i vassdraget.



Tiltaket

Grunna behov for omfattande rehabilitering ønskjer Firdakraft AS å erstatte eksisterande Øksenelvane kraftverk med ny kraftstasjon ca. 500 m inn i fjellet (figur 1). Ny vassveg er planlagt som ein råsprengt, ca. 2000 m lang tunnel, parallell med eksisterande vassveg. Det skal etablerast nytt inntak i Øksendalsvatnet og nytt avløp i Nordfjorden. Det kan også bli behov for ei bora svingesjakt frå eit nivå over HRV i Øksendalsvatnet. Av vegar må det etablerast ein anleggsveg ned til inntaket og inntaksluken i magasinet. Lukehus ved magasinet, portalområde ved fjorden og massedeponi blir nye synlege, permanente inngrep. Det er berekna at etablering av tunnelane vil gje ca. 260 000 m³ lausmasse.



Figur 1. Øksenelvane kraftverk med inntaksmagasinet Øksendalsvatn. Eksisterande vassvegar er markert i grått, og planlagt ny vassveg er markert i blått. Henta frå Firdakraft sine planar om nytt Øksenelvane kraftverk, side 7.

Firdakraft presenterer to alternativ for kraftverket; eit hovudalternativ og eit redusert alternativ. Hovudalternativet inneber to aggregat, med total installert effekt på ca. 110 MW og ei slukeevne på ca. 32 m³/s. Det reduserte alternativet inneber berre eitt aggregat, med installert effekt på ca. 55 MW og ei slukeevne på ca. 16 m³/s. Det nye kraftverket vil gje ei produksjonsauke på ca. 20 GWh, redusere brukstida til kraftverket og gje ei meir fleksibel drift.

Firdakraft skriv at tiltaket verken inneber endringar i reglementet for Øksendalsvatnet eller i vassføringa i Vestelva (elva nedstraums magasinet) samanlikna med dagens situasjon. Det sleppes ikkje minstevassføring frå magasinet. Einaste vassføring nedstraums Øksandalsvatnet kjem derfor frå overløp og tilsig frå restfeltet. På grunn av høg reguleringsgrad i vassdraget er det få dagar med overløp, og tiltaket vil ytterlegare redusere dagar med overløp.



Tabell 1. Hovuddata for nye Øksnelvane kraftverk

		Hovudalternativ ¹	Redusert alternativ ²
Nedbørfelt	km ²	49,7	
Middelavrenning i feltet	l/s/km ²	129,0	
Middelvassføring	l/s	6400	
Alminneleg lågvassføring	l/s	290	
Planlagt minstevassføring	l/s	0	
Inntak	moh	390	
Avløp	moh	0	
Volum på inntaksmagasin	mill. m ³	11,3	
Lengde påverka elvestrekning	m	0	
Høgde på inntaksdam	m	9	
Vasstunnel	m ²	ca. 26	
Diameter rør	mm	ca. 2000	
Antal rørgater i fjell	stk.	2	
Maksimalt vassuttak	m ³ /s	32	16
Installert effekt	MW	110	55
Produksjonsauking	GWh	20	

¹ Med to aggregat
² Med eitt aggregat

Høyring

Den opphavelge planen, som NVE fekk den 08.03.2023, innebar berre alternativet med installering av eitt aggregat. Denne vart sendt på avgrensa høyring til Bremanger kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland, med høyringsfrist 28.11.2023. Før høyringsfristen gjekk ut fekk NVE ein oppdatert plan der Firdakraft la til eit nytt alternativ med to aggregat. Den nye planen blei sendt ut til høyringspartane med ny høyringsfrist 08.01.2024. Bremanger kommune bad om ytterlegare utsett høyringsfrist for å rekke å handsame saka politisk, og fekk utsett høyringsfrist til 31.01.2024. NVE har motteke følgande fråsegn:

Bremanger kommune uttaler følgande i brev til NVE den 31.01.2024:

«Bremanger kommune er positiv til tiltaket, og under visse føresetnader vurderer vi at tiltaket ikkje vil råke dei allmenne interessene i vesentleg grad. Vi meiner det skal stillast krav om at overskotsmassane frå prosjektet vert nytta til samfunnsnyttige føremål, og ikkje lagt i sjødeponi. Vi legg elles til grunn at alle nye inngrep blir avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg. Dersom



det er råd å ivareta desse omsyna utan konsesjonshandsaming har vi ikkje synspunkt på eventuell konsesjonsplikt.

Kommunen forutset at vi får dispensasjonssøknad til handsaming for alle tiltak som er i strid med planføremålet eller forbodet mot tiltak i strandsona, og at vi gjennom dette får gjort ei nærare vurdering av dei aktuelle deponiområda og kva som eventuelt kan godkjennast.

Kommunen ber NVE vurdere om det bør gjerast ei kartlegging av naturmiljøet langs elva mellom magasinet og fjorden, og i kva grad opprustinga/utvidinga vil påverke elva som landskapselement.

Tiltakshavar bør ha tett dialog med Bremanger kommune og Ålfoten Grendautval om bruk av overskotsmasse og om vegstandard og trafikktryggleik på den kommunale vegen i samband med opprustings- /utvidingsprosjektet. Kommunen forutset at tiltakshavar og prosjektet vil lytte til lokale innspel og bidra til verdiskaping og vekst i lokalsamfunnet i Ålfoten. Det er spesielt viktig for kommunen og lokalsamfunnet at det gjennom anleggsperioden vert teke omsyn til at bygdevegen også er ein skuleveg. Etter at anleggsperioden er over, er det ønskeleg at den kommunale vegen gjennom Ålfoten vert sett tilbake til minst like god tilstand som den er i dag.»

Statsforvaltaren i Vestland uttaler følgende i brev til NVE den 14.12.2023:

«Statsforvaltaren er generelt positiv til opprustings- og utvidingsprosjekt som kan auke energiproduksjonen i allereie utbygde vassdrag, då dette ofte kan gi god energigevinst og akseptable nye inngrep. I ei konsesjonspliktvrdering av nytt Øksenelvane kraftverk, er det eventuelle ulemper for allmenne interesser som skal vurderast.

Vi spelte inn i høyringa av den nasjonale lista for vassdragskonsesjonar som kan reviderast at Øksendals-reguleringa har råka både landskapsverdiar, friluftsliv, og biologisk mangfald i mellom anna fossesprøytoner. Eksisterande regulering utan krav om minstevassføring, tilseier at elva nedstraums dammen går med låg/marginal vassføring store delar av året i dag. Ut frå tilsigskurvane til magasinet ser det likevel ut til å vere overløp i periodar. Det nye kraftverket vil innebere ei monaleg auke i slukeevne, òg for det reduserte alternativet. Tabell 1.3.2 i meldinga viser at overløp vil bli så å seie ikkje-eksisterande etter ei opprusting/utviding, uavhengig av om det er eit tørt, middels eller vått år.

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe. Elva og kantvegetasjonsbeltet på strekninga frå magasinet til fjorden kan framleis ha verdi for vasstilknytte artar og som hekkelokalitet for fuglar, sjølv om potensialet er påverka av eksisterande regulering.

Øksnelva ligg i eit av dei mest nedbørrike områda av landet, elveløpet er nordvendt med stort fall, og som nemnt er det overløp i periodar av året i dag. Dette tilseier at fossesprøytoner på strekninga kan ha restverdiar som bør undersøkast nærare for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag i saka. Det er til dømes gjort fleire funn av ekstremt oseaniske og fuktkevjande mosar, som den raudlista praktdraugmosen og norske ansvarsartar som vingemose, heimose, prakttvebladmose m.fl. i dei lettast tilgjengelege delane av området. Potensialet for funn i område som framleis har noko ekstra fuktpåverknad frå attverande vassføring er derfor heilt klårt til stades.



Vi saknar ei nærare omtale og fotodokumentasjon av korleis elva kan opplevast ved ulike vassføringar, og kor vanleg det er at elva har vassføring som er synleg på avstand ved gjeldande regulering. Ut frå meldinga er det vanskeleg å vurdere om og i kva grad opprustinga/utvidinga vil påverke elva som landskapselement.

Inntaksmagasinet ligg i eit regionalt viktig friluftsområde, og er synleg frå fjellet Gjegnen. Toppen er eit populært turmål, og ein av innfallsportane går forbi dammen. Nytt lukehus kjem i tilknytning til magasinet, og altså i eit område som er prega av eksisterande vasskraftutbygging. Anlegga ved fjorden kjem òg i tilknytning til eksisterande inngrep.

Vi legg generelt til grunn at alle nye inngrep blir avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg.

Vi minner om § 7 i forureiningslova om å unngå forureining. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handterte i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Alle massar skal vurderast etter ressurspyramiden, og at det må vurderast samfunnsnyttig bruk før det eventuelt blir planlagt deponering, som siste utveg. Vi minner òg om at eventuelt betongavfall skal handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Det er summarisk nemnt korleis massane er tenkt brukt, og dette må planleggjast i tråd med dei nemnde føringane. Eventuell dumping i fjorden vil utløyse krav om kartlegging av konsekvensar for marint naturmiljø, og det må søkjast Statsforvaltaren om løyve etter forureiningslova. Tiltakshavar har vore i kontakt med Statsforvaltaren om dette, og etter orienteringa vi fekk var fem ulike deponiområde i fjorden aktuelle, i tillegg til det som er skissert i detaljkartet i meldinga.

Vi har ikkje kunnskap om eventuelle lokale interesser som kan verte råka av tiltaket, og dette må sjekkast ut med Bremanger kommune.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.

Dersom NVE konkluderer med at tiltaket ikkje utløyser konsesjonsplikt, føreset vi at dagens konsesjonsvilkår blir gjort gjeldande for det nye anlegget.»

Statsforvaltaren konkluderer på følgende måte:

«Statsforvaltaren meiner at naturmiljøet langs elva mellom magasinet og fjorden bør kartleggjast, og at landskapsopplevinga av elva sett frå fjorden òg bør vurderast nærare.»

Vestland fylkeskommune oppsummerer sitt innspel i brev til NVE den 14.12.2023:

«Vi har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet og har såleis ikkje avgjerande merknader til utbetringane når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne. Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber om at tiltakshavar vert gjort merksam på § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Med bakgrunn i innlandsfisk og ferskvassorganismar har vi ikkje avgjerande merknadar til tiltaket. Vi minner likevel om at vedtaksmynde må gjere ei fagleg vurdering etter vassforskrifta.»

Firdakraft AS kommenterte høyringsfråsegna i brev til NVE den 09.02.2024. Dei hadde følgende kommentarar:



«Firdakraft har i si utforming av prosjektet vore opptekne av å redusere tilleggspåverknadane så mykje som råd. Mellom anna ved å oppretthalde dagens tapperegime er det vår klare oppfatning at vassdraget ikkje vil verte merkbart påverka. Statsforvaltaren ynskjer i si fråsegn ei kartlegging av naturmiljøet langs elva mellom inntaksmagasinet og fjorden, samt at landskapsopplevinga av elva sett frå fjorden bør vurderast nærare. Vår vurdering er at samfunnskostnadane ved eventuelle tiltak langt vil overstige nytten av kartlegginga Statsforvaltaren ynskjer.

I den nasjonale gjennomgangen av eksisterande vasskraftskonsesjonar (NVE Rapport nr. 72/2013) er Øksendalselv gjeve verdien lågare prioritet, basert på overordna kost-nytte vurdering. I regional plan for vassforvaltning for Vestland fylke fekk elva mellom inntaksmagasinet og sjøen (Vestelva 086-205-R) klassifiseringa mindre strenge miljømål. Bakgrunnen for dette var ei vurdering av at eventuelle tiltak for å betre vassmiljøet (til dømes minstevassføring) ville gå vesentleg ut over bruken av vassdraget til samfunnsnyttig kraftproduksjon.

Firdakraft er på generelt grunnlag positive til kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget i vassdrag vi har påverknad på. Samstundes er vi bekymra for kartleggingar som kan dra denne prosessen ut i tid. Det er vårt syn at det, i dei rundt 70 åra som har gått sidan Øksenelvane kraftverk vart sett i drift, har etablert seg ein ny økologisk tilstand langs det opphavelge elveløpet, som ei tilpassing til svært få dagar med vassføring (overløp frå inntaksmagasinet). Tiltaket vil, som det også går fram av den hydrologiske rapporten vedlagt meldinga om konsesjonspliktutredning, ha liten påverknad på vassføringa i elva nedstrøms inntaksmagasinet.

Når det gjeld etterbruk av tunnelmassar er vi einige med alle fråsegner om at deponering i sjø, utan at dette har samfunnsnytte, er siste utveg. Som ein respons på fråsegnene vil vi gå bort frå alternativet med deponering av ein del av steinmassane på djupet ved portalen til kraftstasjonen. Inne i planane ligg framleis fyllingar i sjø som har samfunnsnytte (friorråde i Lunden og utbetring av veg ved Åskora), noko Firdakraft er i dialog både med Statsforvaltaren og Bremanger kommune om. Vi registrerer elles med interesse at Bremanger kommune tydeleg signaliserer ei offensiv haldning til å nytte massane på land. Firdakraft forventar med dette at kommunen vil ta ei konstruktiv rolle når det gjeld å finne eigna areal og bruksområde, og vi vil framleis ha ei imøtekomande innstilling til dette.

Bremanger kommune og Statsforvaltaren ynskjer at alle nye inngrep skal avgrensast så godt som råd, samt at det vert stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg. Det er Firdakraft sin klare intensjon å ikkje påverke omgjevnaden meir enn det som er naudsynt, og det er gjennomført fleire tilpassingar under prosjekteringa av anlegget nettopp med tanke på demping av det visuelle inntrykket. Detaljar vil gå fram av Detaljplan Miljø og Landskap, som også vil verte sendt på høyring.»

NVE si vurdering

Det kreves tillatelse fra Kongen for vannkraftverk med midlere årsproduksjon over 40 GWh, dersom tiltaket kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen. Dette følger av vassdragsreguleringsloven § 3.

I ei konsesjonspliktutredning er det nye negative verknadar ut over den eksisterande situasjonen som skal vurderast, og det er berre skade eller ulempe, altså negative verknadar, som er relevant. Hovudsakeleg er det verknadar i sjølve vassstrengen som skal vurderast. Eventuelle konsekvensar som følgje av nye masseuttak og deponi er dermed ikkje med i vår vurdering.



Kunnskapsgrunnlag

Firdakraft sin førespurnad om konsesjonspliktvrdering gjer greie for kva som skal endrast i kraftverket og kva konsekvensar dette har for allmenne interesser. NVE har gjort egne søk i Artskart og Naturbase den 12.03.2024. Opplysningar om naturverdiar frå høyringsfråsegna bidreg også til kunnskapsgrunnlaget. NVE vurderer at kunnskapsgrunnlaget om verknadene av tiltaket er tilstrekkeleg for å kunne avgjere spørsmålet om konsesjonsplikt, teke i betraktning omfanget av tiltaket og risiko for skade, jf. naturmangfaldlova § 8.

Hydrologi

Det er ikkje krav til minstevassføring frå Øksendalsvatnet i dag, så slepp av vatn frå magasinet skjer derfor berre ved overløp. Grunna høg reguleringsgrad i vassdraget er det i dag overløp i omtrent 1 % av tida, tilsvarende gjennomsnittleg 3-4 dagar i året. Hovudalternativet og det reduserte alternativet i plana inneber høvesvis ei tredobling (32 m³/s) og ei dobling (16 m³/s) av slukeevna samanlikna med dagens (8,8 m³/s). Begge alternativa vil føre til at dagar med overløp blir redusert til omtrent ingen dagar i løpet av året. Ettersom det allereie er svært få dagar med overløp frå Øksendalsvatnet, vurderer NVE at denne vassføringa ikkje er av betydning for vasstrengen nedstraums magasinet. Vi kan derfor ikkje sjå at å redusere dagar med overløp ytterlegare vil endre tilstanden i vassdraget.

Naturmangfald

Naturmangfaldet langs vassdraget mellom Øksendalsvatnet og utløpet er ikkje kartlagt tidlegare. Statsforvaltaren meiner det er potensial for verdifulle artar i vassdraget, og grunnjev dette med registreringar av fuktkrevjande raudlisteartar og ansvarsartar i eit nærliggande vassdrag. NVE er av den oppfatning at eventuelle naturverdiar i vasstrengen ikkje lenger er knytt til vassføring frå Øksendalsvatnet. Vi deler Firdakraft sitt syn på at etter rundt 65 år med regulering utan minstevassføring har det truleg etablert seg ein ny økologisk tilstand med meir tørketolerante artar. Nedbør og tilsig frå restfeltet spel no ei viktigare rolle for artssamansettinga enn det dei få tilfella med overløp frå magasinet gjer. Ein reduksjon frå nokre få til tilnærma ingen dagar med overløp vil ikkje spele ei avgjerande rolle for naturverdiane i og langs vassdraget nedstraums Øksendalsvatnet.

NVE meiner at opprusting og utviding av Øksenelvane kraftverk ikkje vil føre til nye ulemper for naturmangfaldet i vassdraget. Vi meiner at våre vurderingar er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova, jf. §§ 8 - 12. Tiltaket er etter vårt syn ikkje i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. §§ 4 og 5.

Når det gjeld andre allmenne interesser kan vi ikkje sjå at nokon andre blir nemneverdig råka av tiltaket.

Vassforskrifta

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Den planlagde utbygginga vil råke vassførekomsten Vestelva (086-205-R). Vestelva er sterkt modifisert, og har i dag svært dårleg tilstand. Den viktigaste påverkinga i vassførekomsten er hydrologiske endringar utan minstevassføring som følgje av vasskraft (stor påverkningsgrad). Vassførekomsten Vestelva er gjeve mindre strengt miljømål etter vassforskrifta § 10, som følgje av uforholdsmessig kostnadskrevjande å nå miljømålet. Miljømålet godt økologisk potensial (GØT) er ikkje realistisk. Etter vår vurdering vil ikkje det planlagde tiltaket endre økologisk potensial i vassførekomsten. Det er dermed ikkje relevant med ei vurdering etter vassforskrifta § 12.



NVE sin konklusjon

Samla sett vurderer vi at den planlagde opprusting og utvidinga av Øksenelvane kraftverk, både hovudalternativet som er på 110 MW og 32 m³ /s, og det reduserte alternativet som er på 55 MW og 16 m³ /s, ikkje vil føre til nye ulemper eller skader for allmenne interesser av eit slikt omfang at det utløyser behov for konsesjon etter vassdragsreguleringslova.

Opprusting og utviding av Øksenelvane kraftverk er ikkje konsesjonspliktig etter vassdragsreguleringslova § 3.

Vedtaket er gjort med hjemmel i vassdragsreguleringsloven § 4 og delegering til NVE fra Energidepartementet av 30. juni 2021.

NVE sin konklusjon forutsett at tiltaket gjennomførast i samsvar med framlagte opplysningar i epost datert 17.11.2023. Dersom planane blir endra, må NVE vurdere konsesjonsplikta på nytt.

Dette vedtaket er gyldig i fem år. Dersom byggearbeida ikkje har starta før det har gått 5 år må saka leggjast fram for NVE for ny vurdering.

Sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, gjeld vassressurslovens alminnelege reglar om vassdrag. NVE viser spesielt til aktsomheitsplikta i vassressurslova § 5 som pålegg at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at de er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vidare oppfølging

Dette vedtaket gjev ikkje løyve til bygging.

De må søkje om klassifisering av dam og vassvegar etter damsikkerheitsforskrifta. Informasjon og skjema for klassifisering med nødvendige tillegg finnast på våre nettsider <https://www.nve.no/energi/tilsyn/damsikkerhet/klassifisering/http://www.nve.no>.

I medhald av vilkåra i gjeldande konsesjon kan NVE følge opp planlegging, bygging og drift av anlegget. Detaljplan for tiltaket vil bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn før den skal godkjennast av NVE. Dersom nye område skal tas i bruk må tiltakshavar vere forberedt på å gje ei konsekvensvurdering av dette, slik at detaljplanane inneheld dei nødvendige opplysningar.

Tiltakshavar bes kontakte NVE sitt miljøtilsyn for å avklare forhold rundt godkjenning av detaljplanane.

Idriftsetjing av kraftverk skal meldast inn på skjema som finnast på <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/norges-vassdrags--og-energidirektorat-nve/Melding-om-idriftsettelse-nye-vannkraftverk-eller-opprustings--og-utvidelsestiltak-i-eksisterende-kraftverk/>. Dette gjeld også opprusting og utviding av eksisterande anlegg.

Tiltakshavar må sjølv avklare forholda til dei private interessene som eventuelt blir råka som følgje av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda.

Forholdet til anna lovverk

NVE forutsett at krav som følgjer av forureiningslova etterlevs ved opprusting og utviding av Øksenelvane kraftverk. Eventuelle uavklarte forhold takast opp direkte med Statsforvaltaren i Vestland.

Dersom nye areal takast i bruk må forholdet til kulturminnelova avklarast med Vestland fylkeskommune.



Energilova § 3-1 første ledd seier at «Anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi kan ikke bygge, eies eller drives uten konsesjon. Det samme gjelder ombygging eller utvidelse av bestående anlegg.» Av denne bestemmelsen følger at opprusting og utvising av Øksenelvane kraftverk er konsesjonspliktig etter energilova. Søknad om anleggskonsesjon sendast til NVE.

Andre merknadar

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavar sitt eige ansvar å sørge for nødvendige avklaringar. Vi anbefaler at det tas kontakt med lokal områdekonsesjonær for slik avklaring.

Har kraftverket ein merkeytelse over eller lik 100 kVA, gjer vi oppmerksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på www.toll.no. Rundskrivet kan også fås på nærmaste tollstad.

Om klage og klagerett

Se eige vedlegg om klage tilgang

Med helsing

Carsten Stig Jensen
konsesjonsansvarlig

Brit Torill Haugen
fungerande seksjonsleiar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

FIRDAKRAFT AS

Kopimottakarliste:

STATNETT SF

Bremanger kommune

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

LINJA AS

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage

Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.



	Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.